



Ål kommune

Til dagligvareforretningar og reiselivsbedrifter i kommunen

09.07.20.

## Informasjon til turistar og andre tilreisande

Utenriksdepartementet ber folk om å unngå alle utenlandsreiser som ikkje er strengt nødvendige. Reiserådet gjeld til 20. august. Det vart gjort unntak for nordiske land som dokumenterer lågt smittepress frå og med 15. juni. Unntaket vert utvida frå og med 15. juli til også å gjelde land i EØS og Schengen. Dette betyr at tilreisande frå land med lågt smittepress også kan besøke Norge utan karanteneplikt.

Auka innreise kan medføre auka smittepress i Norge, særleg i turistkommunar. For kommunale helsemyndigheiter, er det no viktig å minne om at vi alle har ansvar for å følge opp dei smittevernråda som gjeld i Norge til ei kvar tid. Dette gjeld følgjande:

- generelle smittevernråd
- reglar for innreisekarantene
- kva ein skal gjere dersom ein får luftvegssymptomer og korleis ein kan teste seg
- reglane for isolasjon

**Vedlagt er oppdatert informasjon til turistar og dei som er i kontakt med turistar gjennom arbeidet sitt , på norsk og engelsk. Eg ber om at denne informasjonen vert gjort tilgjengeleg for besøkande/kundar i den respektive verksemda, og at informasjonen vert gjort kjent for alle tilsette. Det er viktig å presisere at de samme råda også gjeld for fastbuande.**

### Viktige budskap i informasjon til reisande:

#### Stopp smitten

- Hald minst 1 meter avstand
- Vask hender ofte og grundig
- Hold deg isolert dersom du er sjuk

#### Test deg om du er sjuk

- Dersom du får du symptom som feber, hoste, tung pust, tap av smak- eller luktesans, sår hals, eller sykdomskjensle skal du ringe legevakt på 116 117 for testing. Undersøking og testing for Covid-19 er gratis for alle.

#### Karantene

- Mange må i karantene når dei reiser inn i Norge. Gjeld dette deg? Oversikta finn du på [helsenorge.no/coronavirus](https://helsenorge.no/coronavirus)

Med helsing

Geir Strømmen, Kommuneoverlege